



## Statens vegvesen

Fileks AS  
Kyrkjegata 27  
6200 STRANDA

Behandlande eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Tone Bøyum / 55516792 19/228800-5 17.12.2019

### Svar – Plassering av container – E39 – Ostereidet kro i Lindås kommune

Viser til førespurnad om utplassering av container for innsamling av klede ved Ostereidet kro i Lindås kommune.

Innkøyring til senterområdet er definert som E39, og det er anlagt rundkøyring der mellom anna bussene snur.

Vi har bedt om meir utfyllande dokumentasjon frå dykk, mellom anna nøyaktig plassering av container. Dette har vi ikkje mottatt, berre eit flyfoto frå Google. Plassering du viser til ligg dels på Statens vegvesen sitt areal (flyfoto) og dels på areal som er eigd av Lindås kommune (kart).

Vi har søkt i vårt arkiv om det er inngått avtale for å plassere ut dei andre containerane som står der, utan at vi finn dokumentasjon på inngått avtale om dette forholdet.

Vi vil i første omgang rå til at det vert vurdert eit felles returpunkt, og at dette vert plassert utanfor offentleg vegareal.

Dersom vi skal inngå avtale med plassering som omsøkt, kan vi ikkje tillate plassering nord på arealet, og altså lenger inn i rundkøyringa. Ei plassering må vere mellombels, og klar til å flyttast på kort varsel når vi ber om det. Container kan ikkje plasserast slik at den hindrar framkomst for trafikken, heller ikkje ved tømning og vedlikehald. Eigar skal sjølv ansvar for å halde det reint og rydding på arealet.

Vi ber om at tiltaket vert avklart med Lindås kommune, før de eventuelt kjem tilbake med framlegg til avtale.

Postadresse  
Statens vegvesen

Telefon: 22 07 30 00

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Org.nr: 971032081

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
faggruppeleiar

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
LINDÅS KOMMUNE, Felles postmottak Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ